

**Fra:** Erik Kvalheim <erik.kvalheim@etne.kommune.no>  
**Sendt:** 11. september 2015 14:45  
**Til:** NVE  
**Emne:** Miljateig Kraft AS SUS - konsesjon for bygging av Miljateig kraftverk. Fråsegn frå Etne kommune.

NVE Region Vest,  
nve@nve.no

Etne, 11.09.2015

|                     |                        |               |                       |
|---------------------|------------------------|---------------|-----------------------|
| <b>Dykkar ref.:</b> | <b>Vår ref.:</b>       | <b>Arkiv:</b> | <b>Sakshandsamar:</b> |
|                     | Arkivsaknr:15/2377     | N - 653       | ERK                   |
|                     | Journalpostnr:15/10748 |               |                       |

**Miljateig Kraft AS SUS - konsesjon for bygging av Miljateig kraftverk. Fråsegn frå Etne kommune.**

Vi syner til Dykkar høyringsbrev datert 1.7.15 med høyringsfrist 1.9.15. Syner også til kontakt førre veke, om at der vil kome ei fråsegn frå oss.

Utdrag frå følgjesbrevet av 1.7.15, som skildrar kva saka gjeld:

*Miljateig Skålnes Kraft SUS søkte den 21.07.2012 om løyve til å utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva i eit større prosjekt. Konsesjonssøknaden fekk avslag frå NVE den 16.12.2014. Dei same tiltakshavarane fremjar no eit nytt prosjekt som tek omsyn til innspel frå konsesjonsprosessen for Miljateig Skålnes prosjektet. Alle inngrep i det nye prosjektet er flytta ned frå høgareliggjande strom, og Skålneselva er tatt ut av planane. Det vert no søkt om konsesjon til å utnytte fallet i Miljateigselva frå kote 217. Røyrгатetrase og plassering av kraftstasjon er den same som i tidlegare prosjekt. Nettilkopling vert også som før skildra.*

*Nedbørfeltet til inntaket på kote 217 i Miljateigselva vert 5,8 km<sup>2</sup>, med ei middelvassføring på 707 l/s. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 2500 kW. Maksimal slukeevne vert 1450 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 8 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 27 l/s, som tilsvarar alminneleg lågvassføring. Det vil bli bygd veg fram til inntaket.*

Etne kommunestyre gav 1.10.13 (i k-sak 53/13) ein samrøystes positiv uttale til prosjektet Skålnes-/Miljateigselva, for hovudalternativet på 10,1 GWh. Overføringa av Skålneselva var ein avgjerande orsak til at prosjektet fekk avslag av NVE i desember 2014. Den justerte søknaden utgjer ei monaleg utbetring med omsyn til negative konsekvensar og naturinngrep. Så lenge kommunen allereie har støtta eit større prosjekt, ser vi ikkje behov for ny handsaming i kommunestyret. Dette også for å ikkje forseinke slutthandsaminga hos NVE. Det er snakk om eit positivt prosjekt med god økonomi og små negative miljøkonsekvensar sett oppimot nytteverdiene. Prosjektet er også ønskjeleg sett oppimot heilskapen i Åkrafjorden og behovet for nytt overordna nett. Etne kommune har i andre vedtak om kraftplanar i fjorden oppmoda styresmaktene om å vedtak tilrekkeleg mange av prosjekta i fjorden, slik at der vert økonomi til å bygge ut nytt overordna nett.

Såleis gjentek vi vedtaket i k-sak 53/13, minus delar av andre avsnitt, som omhandla hovudalternativet for Skålnes-/Miljateig-prosjektet:

**Vår fråsegn for det justerte prosjektet i Miljateigselva:**

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein ikkje sjå på verknadene av Miljateig kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

-----

Vi håper NVE vil prioritere rask slutthandsaming av søknaden, dette også av omsyn til heilskapen i Åkrafjorden og reknestykket for nytt overordna nett, kostnadsrekna til over 200 mill. kr. Både NVE Oslo og OED har søknader til handsaming, der dei treng sjå på heilskapen i området. Like eins reknar søkjarane for tida på kostnadane, særskilt Småkraft og Rullestad Skromme Energi i samband med deira prosjekt på Rullestad og Skromme. Dei to siste søknadane i fjorden, dvs. for Tøsse Kraftverk og Eikemo Kraftverk, er ikkje slutthandsama av NVE Oslo, men er venta å kome om ikkje så lenge.

Med helsing

Sigve Sørheim  
Ordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:  
Erik Kvalheim  
rådgjevar plan og miljø